

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Knarvik ungdomsskule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1655 - 17/36025

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

02.01.2018

VEDRØRANDE SØKNAD OM GODKJENNING - VARSEL OM VEDTAK

Knarvik ungdomsskule utvida arealet med påbygg og ombygging i 2011, og søkjar om ny godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for 360 elevar.

Tal elevar har auka frå 202 i 2008 til i dag ca. 340.

I fylgje søknad skal skulen vere berekna for 360 elevar.

Ut i frå opplysningar kan vi ikkje sjå at skulen tilfredsstillar fylgjande krav i forskrifta:

- **§ 1. Formål;** om at miljøet i skulen skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve samt førebygger sjukdom og skade.
- **§ 9. Utforming og innredning;** lokalene skal vere utforma og innreia slik at forskriftas føremål vert teke i var. Skulen tilfredsstillar ikkje arealnormen i alle klasserom.

Etter vår vurdering har Knarvik ungdomsskule **areal til 323 elevar**, under foruseta av at fordeling av elevar på dei ulike klasserom legg aktuelt disponibelt areal til grunn.

Varsel om vedtak

Miljøretta helsevern i Lindås kommune har vurdert søknaden, og finn at Knarvik ungdomsskule ikkje har tilstrekkeleg areal innandørs til 360 elevar (jf. § 9).

Etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.» § 6, får ikkje Knarvik ungdomsskule godkjenning for 360 elevar.

Kommentarfrist til varsel om vedtak

Miljøretta helsevern ber om tilbakemelding på eventuelle faktafeil, og ev. kommentarar til varsla vedtak.

Frist for tilbakemelding er **01.02.18**.

Når kommentarfristen er gått ut, vil vedtak bli fatta, ev. korrigert iht. kommentarar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

Saksutgreiing

Knarvik ungdomskule blei godkjent i 2008 med heimel i §6 i *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.(skulemiljøforskrifta)*, heimlet i lov om folkehelsearbeid.

Skulen var i 2008 berekna for 202 elevar. Skulen har utvida arealet med påbygg og ombygging, og er i fylgje opplysningar frå rektor og Kommunedelplan for skule 2010 - 2020 berekna for 360 elevar. Etter søknad ga Lindås kommune ferdigattest etter *plan og bygningslova* i 2011.

Forskrifta har krav om at skulen skal framleggje søknad når det føreligg plan for utviding og endring av skulen, bl.a. ved vesentleg auke av tal elevar. I fylgje § 6 i forskrifta skal vesentlege driftsmessige endringar, som betydeleg utviding av tal elevar, godkjennast. Skulen starta opp etter utbygging i 2010 utan fornya godkjenning etter skulemiljøforskrifta.

Den 20.06.17 mottok Miljøretta helsevern søknad om ny godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* (vår ref. 14/1655 – 17/18451).

Det har vore fleire møter med synfaring, vedrørande godkjenning etter skulemiljøforskrifta. Inneareal og utareal har vore berekna og vurdert.

Grunnmateriale og krav i lov og forskrifter

I fylgje skulemiljøforskrifta § 6 skal skular godkjennast med utgangspunkt i helse- og miljøfaglege kriteriar. Ei godkjenning er likevel ikkje eit varig kvalitetsstempel, men uttrykkar at skulen på godkjenningsspunktet har tilfredsstillande miljø og system for miljøarbeid.

«Forskriften § 9 krever at lokalene og uteområdet skal være utformet og innredet slik at forskriftens formål ivaretas. Når det gjelder minstenormen for areal pr. elev har Helsedirektoratets veileder *IS-2073 Miljø og helse i skolen* definert råd som er vesentlig av betydning. Veilederen uttrykker målstørrelser for å ivareta god praksis og faglig forsvarlighet. Imidlertid er arelnormene ikke rettslig bindende, men avvik må kunne begrunnes. Ved mindre areal enn anbefalte normer vil det i så fall kreves kompensatoriske tiltak for at skolen skal kunne godkjennes.» (*Skulemiljøforskrifta og Fylkesmannen i Telemark*)

Fylkesmannen i Telemark har i 2015 kome med uttale i samband med oppheving av ei godkjenning. Uttale legg vekt på at kvar elev skal ha eit godt skulemiljø og at kvar elev har ei individuell rett.

Vurdering av areal innandørs og utandørs

Skulemiljøforskrifta har som overordna mål å bidra til eit betre oppvekst- og læringsmiljø i skulen. I formålsparagrafen står det at miljøet skal fremje helse, trivsel og gode og sosiale miljømessige forhold. Miljøet skal også førebygge sjukdom og skade.

Føremål med godkjenning er å dokumentere at skulemiljøet og rutinar for miljøarbeid tilfredsstillar desse føremål.

Det er 340 elevar ved skulen i 2017, og det er 45 tilsette. Skulen er berekna for 360 elevar i fylgje opplysningar frå rektor og Kommunedelplan for skule 2010 – 2020.

IS- 2073 Miljø og helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler seier: «Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet skal legges til rette for varierte arbeidsformer.»

Om Forskrifta § 9 Utforming og innredning seier rettleiaren:

«Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.»

Norm som beskriv areal til lærar i klasserom er ikkje fastsett, men Utdanningsdirektoratet v/Rådgivningstjenesten for fysisk læringsmiljø i skoler og barnehager, føreslår 5m² for kvar lærar i klasserom. Dette i fylgje opplysningar frå Helsedirektoratet ved Finn Martinsen.

(Det kan nemnast at areal for lærar/personal varier mellom 4 – 6 m² rundt om i landet.)

Ved utrekning av areal pr. elev er det fleire omsyn som skal tas. Nettoareal på 2 m² går ut frå at areal til lærar og personale (5 m² for kvar lærar/personal) trekkast frå.

Det same gjeld møblar som skåp o.l. Varmeomnar ved vindauge vil medverke til at den næraste golvplassen ved vindauge ikkje skal inngå i arealberekninga. Nettoareal pr. elev skal reknas som fritt og disponibelt golvareal pr. elev, inkludert eigen pult og stol.

Kvart rom må derfor vurderast for seg for å avgjere om arealnorna tilfredsstillast. Skulen må sette ei øvre grense for tal elevar pr. klasserom (sjå vurdering gjort av Fylkesmannen i Telemark).

Skulemiljøforskrifta gjev skuleeigar fridom til å velje ei anna arealnorm, men denne må i så fall vere større enn minstestandard for klasserom.

Med utgangspunkt i normer for inneareal, ser ein at Knarvik ungdomsskule har for lite areal i 9. og 10. klasse.

Arealberekning Knarvik ungdomsskule

Klasse	Klasserom	Faktisk str. -Inventar (vask/skåp)	Elevtal pr. i dag	Fråtrekk 5m ² for lærer Maks elevtal
8A	172	58,5	27	27
8B	166	58,7	23	27
8C	164	59	26	27
8D	158	59,6	26	27
9A	115	57,6	31	26
9B	114	60,1	31	28
9C	113	60,1	31	28
9D	112	57,6	31	26
10A	215	57,6	27	26
10B	214	60,1	27	28
10C	213	60,1	29	28
10D	212	57,6	28	26
		Total	337	323

Uteareal:

Anbefalt norm for uteareal er minimum 50 m² nettoareal pr. elev inntil 300 elevar + 25 m² for kvar elev over 300. Knarvik skule har et estimert uteareal på ca. 17 000 m². Skulen har stor nok uteareal til ca. 380 elevar.

Skulens uteareal må by på moglegheiter for fysisk aktivitet, sosialt fellesskap, rekreasjon og kvile. Ved Knarvik ungdomsskule er uteområdet nær skulebygget fint lagt til rette for elevane. I tillegg er det er ein skog som tidlegare ikkje har vore nytta. Denne bør takast i bruk og leggast til rette for elevane. I tilknytning til skulearealet er ei grusbane. Denne er inngjerda. Elevane må ha lett tilgang til arealet, og arealet må vere sikra slik at elevane har tilgang til denne gjennom heile året.

Mange ungdomsskuleelevar er innandørs i friminutt. Det er viktig at alle elevar er ute i friminutt for å dekke behovet for variasjon, fysisk aktivitet samt frisk luft. Dette vil og påverke inneklima positivt.

Oppsummering

For at skulen skal kunne godkjennast etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Knarvik ungdomsskule fyller ikkje krava til inneareal i klasseromma (§9).

Fylkesmannen i Telemark:

«Dersom skolen på enkelte forhold ikke tilfredsstillende anbefalte kriterier, skal heller ikke godkjenning gis. Rundskriv I-1/2012 fra Helse- og omsorgsdepartementet.»

«Alle krav i forskriften skal være oppfylt.»

Skulemiljøforskrifta:

«At en skole ikke får godkjenning betyr ikke at den ikke kan drives videre, men manglende godkjenning vil innebære nærmere oppfølging fra kommunen, med sikte på godkjenning.»

Konklusjon

Lindås kommune v/Miljøretta helsevern har vurdert søknaden, og vurdert at Knarvik ungdomsskule ikkje har tilstrekkeleg areal i klasseromma til 360 elevar (jf. § 9).

Etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6, får ikkje Knarvik ungdomsskule godkjenning for 360 elevar.

Utrekning syner at skulen har i dag eit netto areal i klasserom til **323** elevar.

Miljøretta helsevern ber om tilbakemelding på ev. faktafeil, og ev. kommentarar til varsla vedtak. Frist for tilbakemelding er **01.02.18**.

Når kommentarfristen er gått ut, vil vedtak bli fatta, ev. korrigert iht. kommentarar.

Med helsing

Terese Folgerø
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

Link til rapport frå Fylkesmannen i Telemark: Opphevelse av vedtak om godkjenning av Kragerø skole

<https://www.fylkesmannen.no/Images/Bilder%20FMTE/Barnehage%20og%20oppl%C3%A6ring/Brev%20til%20Krager%C3%B8%20kommune.pdf>

Kopi til:

Hogne Haugsdal

Kristin Moe

Postmottak Lindås kommune

Ragna Midtbø

Terje Fauske

Therese Urdahl Braseth

Ørjan Raknes Forthun